



Tysvær kommune Næringsavdelinga
Postboks 65
5575 Aksdal

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll for kommunane Tysvær, Bokn og Haugesund

Vi visar til brev datert 21.01.14 der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2014. I brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll i Tysvær kommune i løpet av hausten 2014. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen. Dato er fastsett.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, og vi har valt å rette kontrollen mot kommunar som er store på jordbruk med mange landbruksføretak. I tillegg har vi sett på ressursar til landbruksforvaltning i kommunen i høve til tal landbruksføretak. Etter dette er Tysvær kommune trekt ut som ein av kommunane for kontroll i år.

Heimel for kontrollen er forskrift av 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Som tema for kontrollen vil vi sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. I tillegg kan tema som reaksjonar ved avvik, driftsfellesskap, risikovurderinger ved føretakskontroll og spreieareal vere relevant. Vi vil også sjå på korleis kommunen forvaltar ordninga tilskot til avløsing ved sjukdom.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema, og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:
09:00 – 09.30 Formøte - informasjon om kontrollen , føremål, grunnlag og omfang
09:30 – 14.00 Intervju og gjennomgang av dokument
14:00 – 15:00 Sluttmøte - oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk samt saksbehandlarar. I tillegg er det eit ønskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta på formøte og sluttmøtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy møte i tillegg til to saksbehandlarar på produksjonstilskot og ein saksbehandlar på sjukdomsavløysing.

Dato for kontrollen blir **onsdag 17.desember** etter avtale per e-post.

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Else Fredheim Hodne
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Else Fredheim Hodne
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 77
E-post: fmroefh@fylkesmannen.no

Kopi til:
Haugesund kommune sektor for teknisk drift Landbruksforvaltninga Postboks 2165 5504 Haugesund
Bokn kommune Boknatun 5570 Aksdal